



Hordaland Sau og Geit

Referat styremøte HSG 30.august 2012

Stad: Nortura Eidsvåg

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Egil Øvstebø, Steinar Steine og Olav Håvardsholm.

Sak 17 – 12 Godkjenning av innkalling og referat fra styremøte 17.02.12

Vedtak: Godkjent

Sak 18 – 12 Orienteringssaker

- Reprentantskapsmøtet i NSG 12 – 13. mars v/Anita Jordalen
- Kontostatus Voss Sparebank v/Olav Håvardsholm

Vedtak: Anita Jordalen hadde meldt forfall til møte. Ny orientering ved neste styremøte.

Leiar Nils Inge Hitland har bedt Olav Håvardsholm om å gå gjennom kontoutskrifta frå Voss Sparebank. Olav hadde hatt for liten tid til og setja seg godtnokk inn i saka. Ny orientering ved neste møte

Sak 19 – 12 Leiarmøte HSG

Vedtak: Leiarmøte skal holdast på Stord Hotell 27 – 28. oktober

Har skal det setjast av god tid til lokalaga og alle nemndene innanfor HSG

Også saueprosjekte skal det setjast av god tid til diskusjon om framdrift og kva mål ein bør ha. HSG skal invitera ein person frå eit anna fylke som er involvert i tilsvarende prosjekt, for og få innsyn om korleis framdrifta er i deira fylke

Også ein person frå NSG sentralt vil bli invitert.

Sak 20 – 12 Samling for nye sauehalderar.

Vedtak: Styret i HSG vil vidareføra den gode oppslutninga og dei gode tilbakemeldingane som var etter samlinga våren 2012.

HSG sender søknad til Fylkesmannen om økonomiske midlar til ny samling som er under planlegging

Reidar Kallestad og Steinar Steine arbeider vidare med saka.

Sak 21 – 12 Saueprosjektet.

Vedtak: Det har vert liten aktivitet rundt Saueprosjektet den siste tida. Reidar Kallestad tek kontakt med Fylkesmannen for orientering.

Sak 22 – 12 Kjøp av kamera.

Vedtak: Leiar kjøper inn kamera til bruk for heimesida til HSH. Pris på kamera ca. kr. 5000.-

Ansvaret for kamera skal den personen ha som har ansvaret for heimesida til HSG.

Sak 23 – 12 Ymse.

- Få inn innspel frå lokallaga til valnemnda i HSG
- Få til fellesmøte andre faglag for felles innspel til Jordbruksforhandlingane 2012
- Julebord også i 2012? Styret hentar inn tilbod frå hotell i Hardanger til helga 15 – 16. desember.